



DEN NORSKE KYRKJA
Masfjorden kyrkjelege fellestråd
Austfjordvegen 2724
5981 Masfjordnes



Til: Masfjorden kommune

Emne: **Auke i festeavgifter vedteke i fellestråds møte 1. september 2015.**

Vi viser til vedtak i Masfjorden kyrkjelege fellestråd, (MKF), i møte 1. september 2015 der det vart vedteke å auka satsane.

Etter lov av 7. juni 1996: Lov om gravplassar, kremasjon og gravferd (gravferdslova §21), skal avgiftene fastsettast av kommunen etter forslag frå fellestrådet.

Vedtaket er som fylgjer:

Sakshandsamar: Arne Riisnes, Svein Kvamsdal

Bakgrunn: I eit møte MKF 18. mars 2010 vart det vedteke å auke festeavgiftene, denne auken vart seinare godkjent av Kommunestyret. I vedtaket står det at avgiftene skal justerast kvart 5. år. Det er difor no tid for justeringar. Kyrkjeverje har hatt kontakt med kyrkjeverjene i Nordhordlandskommunane og Gulen og dei har alle høgare satsar enn Masfjorden. For å koma opp på same nivå som for eksempel Austrheim, som har dei lågaste satsane av Nordhordlandskommunane, må vi auke satsane med 50%. Ein slik auke vil ikkje nødvendigvis bety høgare inntekter, då mange sannsynlegvis vil seie opp feste for gamle graver. Dette er i seg sjølv positivt, sidan det vil føra til at det vert betre plass på gravplassane.

Dette skjedde i møtet: Terje Myrvang som også er formann i eldrerådet, meinte at det var brutalt å auka satsane med 50% sidan det er mange minstepensjonistar som står som festarar for mange graver. Fleirtalet meinte likevel at det er greitt å auke prisen for å koma opp på same nivå som kommunane rundt oss.

Vedtak: Fleirtalet i Fellestrådet gjev sin tilslutnad til at festeavgiftene vert auka med 50% frå 1. januar 2016.

Sist avgiftene vart justerte var 1. mai 2010, det vart då vedteke at «avgiftene skal justerast kvart 5. år»

Vi bed med dette om at Masfjorden kommune vil gje si tilslutning til å auka festeavgiftene med 50% i samsvar med det som Masfjorden kyrkjelege fellestråd vedtok i møtet 1. september 2015.

For Masfjorden kyrkjelege fellestråd,
Sandnes, 09. september 2015,


Svein Kvamsdal
Kyrkjeverje

Vedlegg: Ein tabell som viser dei gamle og dei nye festeavgiftene.

Masfjorden kyrkjelege fellestråd, Austfjordvegen 2724
5981 Masfjordnes. Organisasjonsnummer: 976 995 627
Telefon: 56166261, Mobil 94 50 69 49
E-post: kyrkja@masfjorden.kommune.no,
svein.kvamsdal@masfjorden.kommune.no

Tabell som gjev opplysningar om noverande prisar på festeavgifter og dei nye prisane som MKF har vedteke skal gjelda frå 1. januar 2016

	Type festeavgifter og andre prisar	Prisar pr. år sidan 01.05.2010	Føreslegne nye prisar pr. år frå 01.01.2016
1.	Feste for enkelgrav når festetida er ute(30-60 år)	Kr 100,00	Kr 150,00
2.	Feste for enkeltgrav ved utvida fredningstid (etter 60 år)	Kr 160,00	Kr 240,00
3.	Feste av særskild gravstad for ektefelle/sambuar og oppattnying av feste:	Kr 100,00	Kr 150,00
4.	Familiegravstad på Frøyset, (9 graver):	Kr 800,00	Kr 1 200,00
5.	Gravplass for personar busette utanfor kommunen utan rett til fri-grav*	Kr 1 200,00	Kr 1 800,00
6.	Avgift for gravlegging av utanbygds kiste*	Kr 4 000,00	Kr 6 000,00
7.	Avgift for gravlegging av utanbygds urne*	Kr 1 500,00	Kr 2 250,00

Masfjorden kyrkjelege fellesråd, Austfjordvegen 2724
5981 Masfjordnes. Organisasjonsnummer: 976 995 627
Telefon: 56166261, Mobil 94 50 69 49
E-post: kyrkja@masfjorden.kommune.no,
svein.kvamsdal@masfjorden.kommune.no